

## Blir Jitney oppvarmingsband for Kaizers Orchestra?

19.07.2013

**Eit av norsk rockehistories absolutt største band Kaizers Orchestra har bestemt seg for ein foreløpig slutt. I samband med det kjempar 100 norske rockeband om å verta oppvarmingsband på konsertane deira i Bergen, Trondheim og Stavanger. Blant banda som er aktuelle er rocke-trioen Jitney med uskedeling og Odda-bu Ruben Aksnes på bass. Utvelginga skjer på grunnlag av ei fagleg vurdering av dei som har gjort det best i ei avstemming der alle kan delta.**

Jitney er aktuelle som oppvarmingsband under konserten i Trondheim 24.august. Dei 10 beste banda i avstemminga vert vurdert, og Jitney ligg no inne blant dei 10. For øyeblikket er dei nr.7. Alle kan stemma ein gang kvar dag ved å gå inn på denne [linken](#). Der kan vi og høyre Jitney. Det hadde vore kjekt om dei kunne fått dette ærefulle oppdraget på Kaizers sin avslutningsturnè.

På konserten i Stavanger er Kloster med Øystein Kloster frå "Kaldestad" som frontfigur, aktuelle som oppvarmingsband. Dei treng og stemmer og ligg for øyeblikket på 24.plass. Den konserten er 6.september.

I denne samanheng er det og kjekt å hugse at Kaizers Orchestra sin dyktige og suksessrike slagverkar, Rune Solheim, trakterte slagverksutstyret i Uskedal musikklag med stort talent i fleire sesongar, for om lag 20 år sidan. Etter det har Rune jammen opplevd mykje, og gledd mange, gjennom musikken!



Tekst: Thor Inge Døssland